

Galterud – Galterudsvea (gnr. 92)

Galterud: Gardnamn som truleg kjem av mannsnamnet Galti. I skrivne kjelder finn vi namnet først nemnt i 1604. Peder Galtor vart da dømt til å betale 4 dalar i bot fordi han i slagsmål hadde drege Peder Langsetter i skjegget. – Åtte år seinare er det tydeleg fortalt at det var Bjørn som var brukar i Galterud. Han betalde da bygselpengar for eit gardsbruk av skyld 4 skinn med 12 skilling. Ein merker seg og at skrivemåten av namnet alt da var "Galterud". I 1615 er det opplyst at Galterud var krongods, at landskylda ganske riktig var 4 skinn, og at Bjørn framleis var brukar der. Femten år seinare finn ein Galterud ført i gruppa for "Ødegaarde", og det var da vorte ny brukar på garden, Peder Galterud. Peder Galterud var og brukar på garden i 1634, da landskylda vart høgda til ½ hud, 6 skinn.

Ved matrikuleringa av gardane i 1668 var det Peder Amundsen som var vorte gardbrukar på Galterud, og det er da gitt fleire opplysningar om garden og gardsbruket der. Galterud var framleis krongods og låg til "Kongen alene" med full landskyld, 6 skinn. Buskapen av store husdyr var da 1 hest og 6 naut, og korntiende vart utreidd med 5/8 tønne, som altså svara til ei årsavling på kring 6 tønner. Det er elles oppgitt at enga, innmarka var god, og at meir kunne dyrkast. Namnet på setra er da skrive Aasoch setter, og om brukaren Amund Pedersen går det fram at han da var 60 år. Da det i 1693 vart delt ut 24 nye børser til landvernet i Fåberg, fekk son til Amund, Peder Amundsen Galterud, den eine av børsene.

Av matrikkelframlegget frå 1723 går det vidare tydeleg fram at Galterud i mellomtida hadde hatt god framgang. Husdyrholdet hadde da auka til 1 hest, 1 føl, 8 naut og 10 sauer, og den årlege utsæden var da kring 3 tn. bygg og litt rug. Det er fortalt at garden var lettbrukt og jordarten god, men garden vanta skog, og setra hadde berre måteleg med hamn. Landskylda var som før 6 skinn, men brukaren Peder Amundsen var da blitt sjølveigande bonde på Galterud. – To år seinare gav i 1725 – sikkert etter søknad – fogden bevilling til Amund P. Galterud på "en græssløkke på Qvandalen" med rett til årleg å hauste 1 lass høy der mot vanleg avgift 2 skilling. Av eit skifte på Galterud i den tid går det elles fram at Peder Amundsen, som var født i 1654, hadde 4 born. Av dei var eldste sonen, Amund da 40 år, sonen Embret var 38 år, dottera kari var gift med Guttorm Furu, og den yngste, Eli, var gift med Gulbrand Torbjørnsen.

Av kyrkjebøkene ser det elles ut til at 1730-åra måtte vera ei trist og tung tid på Galterud. På nokre få år var det mange dødsfall der. Såleis døyde i 1733 Eli v/Galterud, som sikkert var frå ein husmannsplass under garden. Året etter døde husbonden, Peder Amundsen, som da var 80 år, og to år seinare døde i 1736 først Embret Galterud, 48 år, og snart etter også den yngre husbonden Amund Galterud, 50 år. Av skiftet etter Embret Galterud går det vidare fram at han hadde vore gift med Marit Madsdr., og at dei hadde budd i "Galterudstuen". Av skiftet etter Amund Pedersen i 1737 går det vidare fram at Amund hadde vore gift to gonger og hadde eitt barn med kvar av konene sine, dottera Kjersti med kona Guri Paulsdr., og sonen Peder med kona Anne Olsdr. Kjersti var født i 1730, og Peder var født i 1733. Av det same skiftet ser det og ut til at Galterud da var delt, og den parten av Galterud som Anne Olsdr. brukte som enke etter Amund, hadde ei skyld på berre 3 skinn. Kjersti Amundsdr. Galterud vart i 1756 gift med Asbjørn Larsen Høstmælingen, og halvbroren Peder Amundsen vart i 1759 gift med Guri Christensdr., dotter av Christen v/Hage.

I 1759 var det Asbjørn Høstmælingen som hadde heimel på Galterud av 3 ½ skinn, og han selde da dette Galterud til svogeren sin, Peder Amundsen, som dermed atter hadde samla alt Galterud, av skyld 6 skinn, på si hand. Men i 1772 gav så Peder Amundsen skjøte til Halvor Jacobsen på grd. Galterud av skyld 6 skinn for kjøpesum 500 rd. + føderåd.

Halvor Jacobsen f. 1752 var frå Bakke og vart i 1776 g. med Sessel Olsdr. Sæter. Dei fekk i sitt ekteskap 4 born. Det var: 1. Sigrid f. 1780, g. 1807 m. Torsten Iversen Gutu, 2. Marit f. 1783, 3. Sessel f. 1786, g. 1815 m. Lars Olsen Jørlien, 4. Jacob f. 1788. Den eldste i barneflokket var elles: 1a. Sønnøv, som var født i 1777 og i 1810 vart gift med Torger Pedersen Roen. Som nr. 6 og til sist kom så Marthe f. 1791, som i 1817 gifta seg med Ole Halvorsen Halvorstuen.

Halvor Jacobsen var framleis brukar på garden ved folketellinga i 1801, og det budde da 3 familiar på og/eller ved Galterud. Det var. 1. familie: 1. Halvor Jacobsen, 51 år, 2. Sidsil Olsdr., kona hans, 52 år, 3. Marit Halvorsdr., dotter deres, 18 år, 4. Sessel, dotter deres, 15 år, 5. Jacob, son deres, 13 år, 6. Marthe, dotter deres, 9 år. 7. Guri Christensdr., enke, føderådscone, 64 år, 2. familie: Ole Pedersen, husmann med jord, 30 år, 2. Aase Larsdr., kona hans, 50 år, 3. familie: 1. Christen Larsen, innerst med jord, 69 år, 2. Guri Nilsdr., kona hans, 60 år, 3. Ole Christensen, skreddar, 24 år, 4. Guri Pedersdr., pleiebarn.

Husmannen Ole Pedersen med familie budde nok i Galterudsveen. Men i 1804 fekk han skjøte av husbonden på ”den under Galterud beliggende husmandsplads Galterudsveen, av skyld 1 skind, for 250 rd.” I samband med denne handelen lånte så Ole Galterudsveen 220 rd. av Iver Lysgaard mot 1. pr. pant i Galterudsveen av skyld 1 skind, ”samt pant i 3 kjør, 6 sauer og en del løsøre.” – Fem år seinare skjøta så Halvor Jacobsen i 1809 garden Galterud, da av skyld 5 skinn, til einase sonen sin, Jacob f. 1788, for kjøpesum 590 rd. + føderåd for levetida til foreldra Halvor og Sidsil Galterud.

Jacob Halvorsen Galterud, som da tok over som brukar på Galterud, var i 1813 vorte gift med Sessel Hansdr. Grønlien, og dei fekk fleire born. Det var: 1. Halvor f. 1814, 2. Hans f. 1819, og dessutan visstnok 3 som døde som barn.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Galterud og Galterudsveen fortalt at på Galterud var da buskapen av store husdyr 2 hestar og 9 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 40 tønner; for Galterudsveen var dei tilsvarande tal: 3 kyr og 9 tn. korn.

Av ei sak frå 1821 går det vidare fram at brukaren i Galterudsveen i 1821 heitte Jacob Engebretsen. Han lånte da 200 rd. av kammerråd og statsrevisor Lyng mot pant i ”gaardeparten Galterudsveen og engen Liesengen.” Men i 1830 gav Jacob Engebretsen skjøte til Gulbrand Engebretsen, som hadde Galterudsvea til i 1855.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 fekk Galterud nytt løpenr., nr. 235, og ny matrikkelskyld: 4 skylddalar 2 ort 19 skilling, og brukar og eigar av garden var framleis Jacob Halvorsen. Samtidig var Gulbrand Engebretsen oppsittar i Galterudsveen, som da fekk ny skyld: 2 ort 21 skilling.

Her i Galterudsveen var det i 1847 ei skylddelingsforretning, og parsellen Galterudsveen nordre vart da fråskilt og selt til Christen Christensen, som hadde Galterudsvea nordre til sin død. Men i 1862 gav Christen Christensens enke skjøte til Torsten Torgersen for sum 100 spd.+føderåd verdsett til 100 spd. Gulbrand Engebretsen hadde derimot sjølv Galterudsvea søre til i 1855, da han selde eigedomen til Niels Pedersen for kjøpesum 200 spd.+ tillagt for eldre føderåd 100 spd.

Ved folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nye opplysningar om gardane. Der er det om Galterud fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 216 mål, og av dette var 67 mål av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at i Galterudsveen hos Torsten var dei tilsvarande areal 21 mål og 8 mål og i Galterudsveen hos Nils Pedersen: 17 mål og 7 mål. Frå same tid er og ei oppgave over husdyrhald og utsæd. Den er ført slik at husdyrtalet på sjølve garden og på husmannsplassane er rekna isaman og like eins med utsæden. Ført på denne måten var husdyrtalet på Galterud med husmannsplassar da 2 hastar, 11 storfe og 27 småfe, og utsæden isaman utgjorde 9 ½ tønne korn og 10 ½ tn. settepoteter. I Galterudsveen hos Torsten var dei tilsvarande tal: 2 storfe, 9 småfe og 1 tn. korn og 2 tn. settepoteter, og i Galterudsveen hos Nils: 2 storfe, 6 småfe og 1 tn. korn og 2 tn. poteter.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. – Galterud i Fåberg fekk da gardsnr. 92 av samla skyld 9,28 mark, og det var da 4 bruksnr. under gardsnr. 92. Det var: Grn. 92, brn. 1 Galterud av skyld 7,84 mark, som Jonas Pedersen da var eigar ell. brukar av, brn. 2

Galterudstykket, skyld 0,09 mark, eigar ell. brukar Mathea Nilsdtr. Galterudsveen, brn. 3 Sveen, skyld 0,68 mark, eigar ell. brukar Nils Pedersen, brn. 4 Sveen nordre, skyld 0,67 mark, eigar ell. brukar Torsten Torgersen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det skjedd dei skifte at sersjant P. Mikkelsen Eng hadde overtatt grn. 92 brn. 1 Galterud, og Ole A. Rud hadde tilhandla seg brn. 2 Galterudstykket og brn. 3 Sveen. Brn. 4 var det derimot framleis Torsten Torgersen som hadde. – Ved kommunevalet i 1907 budde det 2 personar med røysterett i Fåberg på Galterud og 6 personar med røysterett i Galterudsveen. Dei var: På galterud: 1. Peder Mikkelsen Eng, gardbrukar, 52 år, 2. Emma Eng, kona hans, 45 år, i Galterudsveen: 1. Gardbr. Torstein Torgersen, 85 år, 2. Johan Børresen, målar, 49 år, 3. Karen T. Galterudsveen, hustru, 4. Dagarbeidar Torvald Johansen, 27 år, 5. Gardbr. Ole Anderssen Rud, 50 år, 6. Matia Nilsdtr., kona hans, 52 år.

Av handlar med Galterud ell. parsellar av garden i seinare tid tek vi elles med at 1915 kjøpte Ole Jørgensborg brn. Bakkelian og Øiemoen av skyld 0,04 mark, og brn. 6 Solhaug vart selt til Ragna Galterudsveen.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det under grn. 92 tre gardsbruk med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: Grn. 92 brn. 1 Galterud med eit jordbruksareal på ca. 170 mål, som Magnus Engh da var eigar og brukar av, brn. 3 Galterudsveen, areal ca. 15 mål, eigar og brukar Nils Rud, brn. 6 Nordre Galterudsveen, areal ca. 12 mål, eigar Ragna Galterudsveen, brukar Otto Kaspersen.